



Ing. Dømbe

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/283 - 14/1360

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
11.02.2014

Byggesak GBNR 45/36 Manger - firemannsbustad - igangsetjingsløyve

Delegasjonssak nr.: 16/2014

Adresse : Hesthaugen 91,93,95 og 97
Tiltakshavar : Kvalheim Eiendom as
Ansvarleg søker : Ing. K Dømbe
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 151/13, datert 10.05.13 gjeve rammeløyve og igangsetjingsløyve for delar av arbeid med oppføring av firemannsbustad med frittstående bod på eigedom gnr. 45 bnr. 36 Nedre Manger. Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for resten av arbeida og ansvarsrett for tømrrarbeida og våtromsarbeida.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hesthaugen er definert som område for bustader. Radøy kommune vurderer at tiltaket er i tråd med plan.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Gripsgård Bygg as, org nr. 992299118**, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF. utføring tømrrarbeida.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggm. Terje Kleivdal, org.nr. 954702308**, har søkt ansvarsrett for kontroll våtrom og kontroll av lufttetthet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Sakhandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for sakshandsaming 06.02.2014, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1a vert det gjeve igangsetjingsløyve for dei resterande arbeida på tiltaket.

1. Vilkår sett i tidlegare løyve skal fortsatt gjelde.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KONT) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Gripsgård Bygg as, org.nr. 992299118	S	UTF	1	Utføring tømrararbeida
Byggm. Terje Kleivdal, org.nr. 954702308	S	KONT	1	Kontroll våtrom og lufttetthet

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.8 Tilleggsgebyr (delt sakshandsaming)	kr	2 600,00
SUM	kr	2 600,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 151/13

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.